

MØTEREFERAT

Prosjektnamn	
Referat frå	Nabomøte vedk. støy Eldøyane
Møtedato	05.10.2022
Møtestad	Kommunestyresalen

Frå kommunen møtte:

Namn	Funksjon	Forkorting
Gaute Straume Epland	Ordførar	GE
Mariann Jacobsen Hilt	Fung. rådmann	MJH
Lovise Vestbøstad	Plansjef	LVE
Marianne Kolstø	Nestleiar Stord hamn	MK
Petra Turet Olsen	Kommuneoverlege	PTO

Referat

Tekst	Ansvar
<p>Bakgrunnen for møtet: Det var invitert til ope nabomøte for naboar til Eldøyane næringspark med fylgjande agenda:</p> <ul style="list-style-type: none">- Ordførar ønska velkommen- Informasjon om støytilhøva og funn etter retningsbestemt måling v/ Asplan Viak- Informasjon om aktivitet, støytilhøve og varsling v/ Kåre Reksnes Haukereid, NorSea Stordbase- Spørsmål/ dialog. <p>Asplan Viak møtte ikkje. Stord kommune avlyste deira besøk grunna høge kostnader.</p> <p>Referat: Ordførar ønska velkommen. Dialog er viktig. Han har som ordførar eit overordna ansvar for at vi har gode bumiljø i kommunen. Samstundes har han eit ansvar for å skape gode rammevilkår for næringslivet i kommunen. Det handlar om å skape gode kår for eksisterande næringsliv og samstundes vere attraktiv så nye verksemder ynskjer å etablere seg.</p> <p>Vestbøstad gjekk gjennom kva for krav som gjeld for støy frå Eldøyane næringspark, støyrapportar og støymålingar. Regelverket er tredelt:</p> <ul style="list-style-type: none">- Forureiningslova; utsleppsløyve gitt av Statsforvaltaren, og Statsforvaltaren er tilsynsmynde. Utsleppsløyve ligg tilgjengeleg på www.norskeutslipp.no- Plan- og bygningslova: krav kan vere nedfelt i gjeldande reguleringsplan. Kommunen er planmynde.- Helseovgivinga - miljøretta helsevern: kommunen (kommunelegen) er mynde <p>Støyrapportering i samsvar med krav i reguleringsplan: det var i 2021 totalt 139 døgn der støyverdiar gjekk over éin eller fleire grenseverdiar. Rapportane viser total støy frå alle lydkjelder. Bakgrunnsstøy har stor betydning; støyverdiane må vurderast i lag med loggført aktivitet i næringsparken. Oppsummerande resultat er at her er for mange døgn med høge støyverdiar utan årsaksforklaring.</p> <p>Utvida retningsbestemt støymålingar gjennomført frå februar til og med august: for totalt 18 av 56 døgn med for høge støyverdiar <i>kan</i> aktivitet i næringsparken</p>	

vere medverkande faktor til for høge støyverdiar. Målingane vert gjennomført ut året.

Haukereid gjekk gjennom identifiserte hendingar ved Stord hamn som vert operert av NorSea StordBase. Det er påviseleg at støy har redusert konsekvens for nabolaget ved når den støyande aktiviteten vert flytta ut til ny kai3. Tiltak som gjeld tildeling av kai plass til fartøy vert lagt vekt på slik at støykonsekvensane vert redusert. Der det er mogleg, vert det gjeve forbod om støyande aktivitet nattetid. Dette gjeld også lysureining. Hendingar vert no varsla nabolaget via SMS på førehand.

Spørsmål og dialog:

Det vert tvila på støymålingane som kommunen får utført. Det vart vist til at standard biltema-målarar viser altfor høge støy nivå. Ein nabo, som bur nær verftet til Aker Solutions, har mest støyplager derifrå.

- Støymålingar kommunen får gjennomført av Asplan Viak, som er firma med kompetanse på området, har vi ingen grunn til å trekke i tvil. Vi får optak av lydbiletet når støy nivået er over grenseverdiar. Aker Solutions har eigne støy målarar og eigne nabomøte. Deira støy og utsleppsløyve skal fylgjast opp av Statsforvaltaren. Det vart opplyst om at impulsstøy kan ha høge verdiar sjølv om den målte og berekna gjennomstnittsstøyen ikkje er over grenseverdiane.

På Høgestølen er det grunnstøyen som er mest utfordrande. Den er plagsom alle dagar utanom søndag. Det vert kasta rundt på stål og tunge ting. Det har vore mykje støy knytt til arbeid på Castberg. Det kjem mykje støy frå demoleringa. Det er også mykje forstyrrande lys.

Fleire viser til at det er demoleringsaktiviteten som no er mest «plagsom» m.o.t. støy.

Det burde vore éin person/ instans som hadde ansvar for den samla støy- og lysforureininga.

- Slik er det ikkje, då her er ulike lovverk med ulike tilsynsmynde. Men kommunen har eit overordna ansvar for å ivareta gode bumiljø.

Kor kan me melde frå om støy?

- StordBase har etablert epost-adresse som ein kan melde frå på. Det same har Aker. Ein kan også melde til politiet.

Det vart påpeika frå fleire hald at opplevd støy og berekna og målt støy er to ulike ting. Opplevinga er ikkje styrt av grenseverdiar. Dette må kommunen ta på alvor. Dette formidla også kommuneoverlege Olsen. Vestbøstad sa at det er likevel slik at pålegg av tiltak etter lovverk har sitt grunnlag i målte/ berekna støyverdiar. Støyretningslinene seier noko om kva samfunnet har sagt er «tolbart». Men det er særleg viktig å skjerme nattero og helgefreden.

Referent:

Mariann J. Hilt/ Lovise Vestbøstad